



Notat

Saksbehandlar:
Torunn Ivesdal Gjedrem
Telefon: 51 20 11 62

Referanse:
16/99 - 10/905
16/4274 - 16/4275

Arkiv:
FE - 082

Dato:
02.05.2016

Revidert reglement for godtgjersle til folkevalde 2015-19

jf. K-sak 026/15, 17.06.15, og rev. i K-sak 007/16, 20.04.16

1.0 GODTGJERSLE

- 1.1 Løn og/eller godtgjersle skal ytast til ordfører, varaordfører og politiske medlemmer i alle faste styre, råd og utval, og til medlemmer av utval oppnemnde av kommunestyret og formannskapet.
 - 1.1.1 Godtgjersle omfattar alle møte, kurs og konferansar, representasjonar og liknande som ein vert kalla inn til eller pålagt å møte på.
 - 1.1.2 Godtgjerslene dekkjer alle utgifter i samband med møta, med unntak av utgifter til barnepass og reiseutgifter.
 - 1.1.3 Fråver – alle faste utval med fast godtgjersle
Alle utval med fast godtgjersle der medlemmer har over 25 % fråver pr. kalenderår får tilsvarande reduksjon av den faste godtgjersla.
- 1.2 Løn og/eller godtgjersle for politiske møte og representasjon vert fastsett av kommunestyret. Avtroppande kommunestyre fastsett løn og godtgjersle for kommande nyvalde kommunestyre og dei nemnder, råd og utval som følgjer av nyalet.
- 1.3 **Ordfører**
 - 1.3.1 Ordfører si godtgjersle i 100 % stilling vert sett til 93 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle, men ordføreren kan sjølv velja i samråd med kommunestyret å redusera stillinga. Nedre grense er sett til 70 %.
 - 1.3.2 Når det gjeld forsikring og løn under sjukdom m.m., kjem ordføreren inn under reglane i HTA (hovudtariffavtalen) § 8, 10 og 11 i fellesbestemmelsane. Ordfører si løn vert utbetalt kvar måned med 1/12 av årsløna, men kjem ikkje inn under ordninga med feriepengar.
 - 1.3.3 Ordføreren skal ha ettergodtgjersle i samsvar med KS – Kommunenes Sentralforbund sine retningslinjer. For tida er ordninga 1 ½ månadsløn når ein kan gå direkte inn i ei anna stilling, elles 3 månadsløner.

1.4 Varaordfører

Varaordfører si godtgjersle vert fastsett til 8 % av ordførargodtgjersla i 100 % stilling. Når det gjeld forsikring kjem varaordfører inn under reglane i HTA (hovudtariffavtalen) § 10 og 11 i fellesbestemmelsane.

1.5 Leiar av levekårsutval og LMT-utval

Leiar av levekårsutvalet og leiar av LMT-utvalet si godtgjersle vert fastsett til 5 % av ordførargodtgjersla i 100 % stilling.

1.6 Medlem av formannskap, levekårsutval og LMT-utval

1.6.1 Medlemmer av formannskapet si godtgjersle vert fastsett til 3 % av ordførargodtgjersla i 100 % stilling.

1.6.2 Medlemmer av levekårsutvalet og LMT-utvalet si godtgjersle vert fastsett til 2 % av ordførargodtgjersla i 100 % stilling.

1.7 Felles vararepresentant formannskap, levekårsutval og LMT-utval

Dersom det er felles vararepresentant får den som står på første plass; fast, halv møtegodtgjersle, med tillegg av vanleg møtegodtgjersle (dersom vedk. må møta).

1.8 Kommunestyremedlemmene

Får ei årleg godtgjersle fastsett til 2 % av ordførargodtgjersla i 100 % stilling.

1.9 Kontrollutvalet

Leiar får fast årleg godtgjersle på 3 % av ordførargodtgjersla i 100 % stilling. Medlemmer får 1,25 % av ordførargodtgjersla i 100 % stilling.

1.10 Varamedlemmer

Møtande varamedlemmer får vanleg møtegodtgjersle pr. møte som er 0,1 % av ordførargodtgjersla i 100 % stilling.

Varamenn som møter i ei eller fleire saker, pga habilitet, får utbetalt halv møtegodtgjersle.

1.11 Medlemmer av andre kommunale utval

Når desse er valde av kommunestyret får dei vanleg møtegodtgjersle. Det same gjeld møtande varamedlemmer.

1.12 Medlemmer i adhocutval, komitear og andre styre

Når desse er valde av kommunen skal det betalast vanleg møtegodtgjersle frå første møte.

2.0 DEKNING AV UTGIFTER

2.1 Reiseutgifter:

2.1.1 Reiseutgifter til faste møte og andre pålagte møte, seminar og kurs, vert dekkja etter statens regulativ. Den folkevalde må sjølv leggja fram reiserekning, på fastsett skjema, saman med kvitteringar på utlegg, og levera inn minst kvart halvår.

2.1.2 Når avtalt reise inneber utgifter til kost og overnattingsutgifter vert dette dekkja etter statens regulativ.

2.2 Utgifter til barnepass, stell av sjuke/eldre m.m. som følger vervet:

2.2.1 Einslege forsørgjarar og ektefeller/sambuarar kan få dekkja utgifter til pass av barn. Utgiftene må vera dokumenterte. Ordninga gjeld til og med det året barnet fyller 12 år. Ordninga gjeld ikkje den tida barnet er i barnehage eller skulefritidsordning, med unntak av den tida som må betalast ekstra for (kjøp av ekstra dag/plass). Utgiftene vert dekkja med kr. 160 pr. time, avgrensa oppover til kr. 1200 pr. dag. Vedkomande må sjølv fremja krav om dekning av barnepass.

2.2.2 Dersom ein har ansvar for pleietrengande og ein må løna ein for å ivareta den pleietrengande, kan ein etter søknad få dekkja kr. 300 for møte på 4 timar eller mindre, og inntil kr. 600 for møte over 4 timar. Vedkomande må sjølv fremja krav om dekning og leggja med dokumentasjon. Utgiftene må vera dokumenterte og den andre part må vera i løna arbeid i møtetida.

2.3 Telefonutgifter

Kan dekkjast etter rekning. Ordførar får fri mobiltelefon. Dersom det er dårleg dekning på denne sin bustad, kan han i tillegg få dekkja fast avgift for fasttelefon og inntil kr 1 000,- i samtaleavgifter pr. år.

3.0 DEKNING AV TAP I INNTEKT

3.1 Tap av arbeidsinntekt kan påreknast ved **pålagte** møte, kurs, samlingar eller andre pålagte oppgåver. Dekning av tapt inntekt **skal** vera avklart på førehand.

3.2 Ulegitimert tap av arbeidsinntekt kan utbetalast med inntil 60 % av ordførar si timeløn i inntil 7,5 timar pr. dag.
Ulegitimert arbeidsinntekt vert ikkje utbetalt etter kl. 18.00.

3.3 Legitimert tap av arbeidsinntekt kan utbetalast med inntil maks. ordførar si timeløn i inntil 7,5 timar pr. dag.
Legitimasjon er å forstå som erklæring om trekk i løn eller kvittering frå vikar for mottatt løn/godtgjersle.

3.4 Kommunestyremedlemmene får dekt eventuelt tap i inntekt ved turar som kommunestyret har i perioden.

4.0 UTBETALING OG ANSVAR

Fast møtegodtgjersle vert utbetalt pr. månad. Varamedlemmer i dei faste utvala og fellesrådet vert fanga opp og betalt ut automatisk pr. halvår. All anna møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste samt anna utgiftsgodtgjersle må den enkelte folkevalde setta fram krav om sjølv. Det er utarbeidd eige skjema som kan leverast til sekretariatet (serviceavdelinga) kvart halvår (innan 18. juni for 1. halvår, og innan 18. desember for 2. halvår).

5.0 TOLKING

Retten til tolking av dette reglementet vert lagt til formannskapet. Formannskapet har og fullmakt til å fråvika reglementet i særskilte høve.

6.0 VERKNADSTIDSPUNKT

Reglementet vart revidert av kommunestyret 12.06.2013, og 20.04.2016.

Verknadstidspunktet er frå 01.08.2013.

Kommunestyret vedtok 17.06.2015 at reglementet også skal gjelda for perioden 2015-19.